

14/4429.

14-May-2014

Lindås Kommune
V/ Byggesaksavd.
Kvernhusmyrane 20
5914 Knarvik

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
14. 05. 2014	
Ark. saksnr	Løpenr.
Saksnr.	Tilgangskode

13.05.2014

Ang Fjellsendevegen Godkjenning.

Som oppsitter på Nordre Soltveit og eier av Grd Br 132.30 og 39 er jeg direkte berørt av Prosjektet Fjellsendevegen.

Veien er nå ferdigstilt og i den anledning har jeg noen spørsmål til Byggesak.

P1| Foreligger det et gyldig byggeløyve på dette prosjektet.
I Jordskifterettens domspapirer av 2011 er der gitt et byggeløyve for prosjektet av Lindås kommune i 2009 med 3 års varighet.
Dette løyvet gikk da ut i 2012 september mnd. Oppstart av prosjektet startet i februar mnd 2013. Jeg har ingen opplysninger om at prosjektet er gitt nytt byggeløyve. Der er heller ikke gitt oppstartsmelding om prosjektet.

Det ble i 2008 avholdt en befaring med byggesak ang utkjørsel fra Grd br. Nr 132 30-29-16-17. Det ble enighet på denne befaring at Lindås kommune skulle se disse avkjørsler i sammenheng ved prosjektstart. Kommunen frafalt beboere og gjøre noe med saken.

P2 Fjellsende vegen er ved påkoblingspunktet dratt mer en 3 meter lenger sør en det som tegningene viser. Se vedlagt tegning.

P3 Undertegnede er blitt pålagt o9 sikre egen vei som er påvirket av prosjektet
Hvordan skal jeg forholde meg til dette og etter hvilket regelverk skal jeg sikre??

P4 Forstøtningsmur som er satt opp er over 2 meter høy. Hva er kravene til sikring.

P5 Ber om en befaring av Byggesak for og finne gunstige løsninger for saken

Med Hilsen
Jan Helles

REFERAT FRÅ SYNFARING AV FJELLENDEVEG VED PÅKOPLING TIL KOMMUNAL VEG PÅ SOLTVEIT

MANDAG 15.04.13

Tilstade: Ketil Vettås (veglaget), Tor Quam (veglaget), Nils Kaalaas (Lindås kommune), Jan Helge Alvær (grunneigar), Kjetil Hordnes (vegrett), Kristin Alver Hordnes (vegrett), Inge A Alver (grunneigar)

1. Entreprenør har skote heilt inntil eksisterande veg tilhøyrande gnr. 132 . Eigarane krev at det vert laga vegskulder og sett opp mur med gjerde på. Eventuelt krev vi påkopling til den nye vegen. Alle meiner påkopling er den beste løysinga. Kristin Alver Hordnes påpeikar at veglag/kommunen må betala uansett kva løysing som vert vald fordi eksisterande veg er øydelagd og etterkvart kan rasa ut.

Det vert og reist spørsmål om vegen som den er no, vil bera store bilar (brannbil til dømes). Ketil Vettås seier at han har påpeikt til kommunen tidlegare at ein burde tatt påkopling med i planane frå starten.

2. Jan Helge Alvær sin brønn som ligg rett øst for gnr sin veg, er nesten tom for vatn. Han meiner at dette skyldas at skytinga på den nye vegen har sett vatnreservoara i rørsle. Dersom det vert vedtatt å kople dei nemnde gnr til nye vegen, krev han at veglaget/kommunen kostar påkopling til offentleg vatn fordi dette vil øydeleggje brønnen hans heilt. Han ynskjer og lage plan for veg til gnr som bør få vegutløysing i same vendinga. Brønnen har vore nemnd på fleire møte med kommunen, men er utelete i referat frå jordskifteretten. Ketil Vettås seier at han har gjort kommunen merksam på brønnen ved fleire høve.
3. Fjellsendevegen har ikkje sikt sørover når han svingar ut i kommunal veg ved snuplassen på Soltveit. Jan Helge, Kjetil og Kristin Vi stilte spørsmål ved kvifor vegen har vorte godkjent slik og påpeikar at det er mange born som leikar og sykklar i vegen. Jan Helge stiller seg positiv til at den eksisterande avkjørsla vert skoten bort slik at ein vinn sikt, dersom dei nemnde gårdsnumra får påkopling til Fjelleendvegen.
4. Vegtrase over dalen. Inge Alver ynskjer at vegen skal leggjast så langt nord og vest som råd for å spara innmarka. Viser til brev av 30.03.13. Nils Kaalaas seier at vegen skal leggjast lenger nord og at vegen slik den no er berre er ein anleggsveg. Inge viser då til teikningar som entreprenøren jobbar etter som seier at vegen skal gå rett gjennom dalen.

5. Inge etterlyser dreneringsrør under vegen i dalbunnen. Viser til brev av 30.03.13. Nils seier at det er planen å grave opp att og leggje desse ned.
6. Drenering av vatn frå punktert myr og punktert brønn ved eksisterande veg må leiast inn på dreneringsrør i botn av dalen. Viser til brev av 30.03.13 der det og vert stilla spørsmål om eksisterande kisteveite har tålt tunge annleggsmaskiner og steinmassar eller om den er tett.

Nils Kaalaas skal skriva referat frå møtet og gje oss tilbakemelding så snart som råd (nokre veker) slik at tiltak kan setjast i gang.

Ketil Vettås henviser til Nils Kaalaas dersom nokon har spørsmål angående vegen og framdrifta av arbeidet.

Referent Kristin Alver Hordnes, Alverstraumen 15.04.13 (for å vera sikker på at all informasjon frå møtet kjem med)